



Tiltaksplan – oppfølging av forvaltningsrevisjon skoleskyss

Status 3.november 2017

Bakgrunn og innleiing

- Skyss har over tid arbeidd med korleis organisere seg rundt dei viktigaste oppgåvene Skyss har ansvar for. I den samanheng har avdeling Trafikktilbod vore gjennom ei omorganisering, der det i juni 2016 vart bestemt at oppgåvene knytt til skoleskyss skal organiserast gjennom ei eiga faggruppe.
- Ny faggruppeleiar kom på plass 02.januar 2017. Faggruppe skoleskyss var derfrå etablert.
- Etter tilrådingane i forvaltningsrevisjonsrapporten vart ein handlingsplan utarbeid og sendt over til kontrollutvalet 28.09.2016. Fristen for å setje tiltaka i verk vart sett til oktober 2017.
- Faggruppeleiar er saman med leiar trafikktilbod ansvarleg for at tiltaka har blitt sett i verk.
- Grunnarbeidet er gjort med etablering av system og rutinar for faggruppa. Per dagens dato er arbeid i alle forbetringstiltak i handlingsplanen sett i verk. Nokon av tiltaka kan reknas som ferdigstilt, mens andre krev av tiltaksnaturen kontinuerlig arbeid og forbetring.
- Førre rapportering av status var i august 2017, der ny statusrapportering er bedt innan 15.11.2017

Oppsummering - tiltak og status

| | Tiltak | Status |
|-----|---|-------------|
| 1.a | Utarbeide dokument som skildrar ansvarsfordeling og mynde mellom Skyss og samferdselsavdelinga | Ferdigstilt |
| | Utarbeide dokument som skildrar ansvarsfordeling og mynde mellom Skyss og kommunar | Ferdigstilt |
| | Utarbeide dokument som skildrar ansvarsfordeling og mynde mellom Skyss og operatørar | Ferdigstilt |
| 1.b | Utarbeide dokument som skildrar arbeidsoppgåver og ansvarsfordeling for arbeidet med skoleskyss internt i skyss (inkl. stillingsbeskrivingar) | Ferdigstilt |
| 1.c | Etablere rutinar som sikrar årleg revisjon av skysshandbøkene og dokumentasjonen som ligg til grunn for sakshandsaminga i Cert | Ferdigstilt |
| | Etablere system for fordeling av innkomne søknadar knytt til skoleskyss | Ferdigstilt |
| | Etablere rutinar som sikrar at søknad om dispensasjon frå kravet i opplæringslova om fri skoleskyss for elevar i vidaregåande skole blir sendt kvart år | Ferdigstilt |
| | Etablere system for årleg gjennomgang og evaluering av hovudaktivitetane for skoleskyssområdet | Ferdigstilt |
| 1.d | Etablere system for registrering, arkivering og oppfølging av innkomne klager. | Ferdigstilt |
| 2 | Utarbeide skriftlege retningslinjer for samhandling mellom Skyss og kommunane | Iverksett |
| | Etablere fast(e) møtepunkt med opplæringsavdelinga knytt til samhandling om skoleskyss i vidaregåande skole | Ferdigstilt |
| | Etablere fast(e) møtepunkt med kommunane (t.d. årleg informasjonsmøte) knytt til samhandling om skoleskyss i grunnskolen | Iverksett |
| | Opprette kontaktutval for skoleskyss i fylket | Iverksett |
| 3 | Utarbeide retningslinjer for gjennomføring av årlege økonomiske analysar (t.d. ved bruk av nøkkeltal frå Cert) | Iverksett |
| 4 | Avklare arbeidsoppgåver og ansvarsfordeling for ruteplanlegging av skystilbodet | Ferdigstilt |
| | Avklare arbeidsoppgåver og ansvarsfordeling når det gjeld oppfølging av operatørar | Ferdigstilt |
| | Utarbeide retningslinjer for oppfølging av operatør | Ferdigstilt |
| | Stille tydelege kontraktskrav til operatørar ved bruk av underoperatør til utføringa av skoleskyss | Ferdigstilt |



Tilråding 1. a

1. *Etablerer eit forsvarleg system etter § 13-10 i opplæringslova for styring, oppfølging og kontroll av skoleskyss i Hordaland fylkeskommune. Eit slikt system bør mellom anna innehalde:*
 - a. *Tydeleg avklart ansvarsdeling mellom Skyss og samferdselsavdelinga, mellom Skyss og kommunar og mellom Skyss og operatørar som Skyss har kontrakt med.*

Tilråding 1. a - tiltak og status

Tiltak: Utarbeide dokument som skildrar ansvarsfordeling og mynde mellom Skyss og samferdselsavdelinga

FERDIGSTILT

Eit dokument som skildrar hovudoppgåvene til faggruppe skoleskyss er utarbeidd. I mars 2017 overtok Skyss oppgåvene som tidlegare har vore utført av samferdselsavdelinga. Med dette er alt ansvar for skoleskyss samla hjå Skyss frå mars 2017.

Tilråding 1. a - tiltak og status

forts.

Tiltak: Utarbeide dokument som skildrar ansvarsfordeling og mynde mellom Skyss og kommunar

FERDIGSTILT

Ansvarsfordeling og mynde mellom Skyss (fylkeskommunen) og kommunar følgjer av opplæringslova. Skildring av praksis for fordeling av vedtaksmynde er bearbeidd og vart oppdatert i skoleskysshandboka i juni. Fordeling av økonomisk ansvar er også skildra i skoleskysshandboka.

Tilråding 1. a - tiltak og status

forts.

Tiltak: Utarbeide dokument som skildrar ansvarsfordeling og mynde mellom Skyss og operatørar

FERDIGSTILT

Kontrakten mellom fylkeskommunen/Skyss og operatør er det grunnleggande dokumentet som skildrar ansvarsfordeling og mynde mellom partane.

Avsnittet i kontraktane for bussoperatørar som gjeld tilrettelagt skoleskyss er analysert, bearbeidd og forbetra for kvar nye kontrakt som er starta opp. Kontraktane med alle bussoperatørar i distriktet har blitt fornya sidan forvaltningsrevisjonen blei gjennomført i 2015. Alle relevante busskontraktar inneheld no forbetringar knytt til tilrettelagt skoleskyss.

For drosjeoperatørar som Skyss har direkte kontrakt med, skal nye kontraktar bli inngått i 2018. Arbeidet med å analysere og justere krav til operatørane i dei nye kontraktane er i gang, og anbodet skal etter planen lysast ut i desember 2017.

Tilråding 1. b

1. *Etablerer eit forsvarleg system etter § 13-10 i opplæringslova for styring, oppfølging og kontroll av skoleskyss i Hordaland fylkeskommune. Eit slikt system bør mellom anna innehalde:*
 - b. *Tydeleg avklarte arbeidsoppgåver og ansvarsdeling for arbeidet med skoleskyss internt i Skyss.*

Tilråding 1. b - tiltak og status

Tiltak: Utarbeide dokument som skildrar arbeidsoppgåver og ansvarsfordeling for arbeidet med skoleskyss internt i skyss (inkl. stillingsbeskrivingar)

FERDIGSTILT

Arbeidsoppgåvene i faggruppe skoleskyss er kartlagt og dokumentert. Eit dokument som skildrar ansvarsfordelinga i faggruppa er utarbeidd og stillingsbeskrivingar er utarbeidd for tilsette i faggruppa.

Tilråding 1. c

- 1. Etablerer eit forsvarleg system etter § 13-10 i opplæringslova for styring, oppfølging og kontroll av skoleskyss i Hordaland fylkeskommune. Eit slikt system bør mellom anna innehalde:*
 - c. Oppdaterte prosedyrar, retningsliner og rutinar for arbeidet med skoleskyss som blir revidert jamleg.*

Tilråding 1. c - tiltak og status

Tiltak: Etablere rutinar som sikrar årleg revisjon av skysshandbøkene og dokumentasjonen som ligg til grunn for sakshandsaminga i Cert

FERDIGSTILT

Skyss har utarbeidd eit årshjul som skildrar overordna oppgåver innanfor faggruppe skoleskyss sitt ansvarsområde. Her inngår frist for revisjon av skysshandbøkene og andre grunnleggande dokument. Ansvar for årleg revisjon av dokumenta, samt resten av oppgåvene i faggruppa, er lagt til utvalde tilsette og skildra i stillingsbeskrivinga.

Tilråding 1. c - tiltak og status

forts.

Tiltak: Etablere system for fordeling av innkomne søknadar knytt til skoleskyss

FERDIGSTILT

Søknadar blir oversendt faggruppe skoleskyss gjennom sakshandsamingssystemet Cert. I tillegg mottar faggruppe skoleskyss handvendingar per e-post.

Fordeling av søknadar i Cert og hendvendingar per e-post skjer etter anbudspakke-område og type søknad (dedikerte tilsette for dei ulike).

Ansvarsfordelinga er avklart i faggruppa, og skildra i stillingsbeskrivingane.

Tilråding 1. c - tiltak og status

forts.

Tiltak: Etablere rutinar som sikrar at søknad om dispensasjon frå kravet i opplæringslova om fri skoleskyss for elevar i vidaregåande skole blir sendt kvart år

FERDIGSTILT

Ansvar for å søke dispensasjon kvart år ligg til Skyss. Oppgåva med å søke dispensasjon frå kravet om fri skoleskyss for vidaregåande elevar inngår i årshjulet som har blitt utarbeidd. Oppgåva er knytt til ei av rollene i faggruppa og skildra i stillingsbeskrivinga.

Søknad om dispensasjon frå kravet for skoleåret 2017-18 blei sendt etter rutinen og har blitt godkjent av Fylkesmannen.

Tilråding 1. c - tiltak og status

forts.

Tiltak: Etablere system for årleg gjennomgang og evaluering av hovudaktivitetane for skoleskyssområdet

FERDIGSTILT

Årleg gjennomgang og evaluering av hovudaktivitetane inngår i årshjulet til faggruppe skoleskyss. Hovudansvaret ligg til faggruppeleiar og er skildra i stillingsbeskrivinga.

Hovudaktivitetane og evaluering av desse vert no gjennomgått av faggruppeleiar.

Hovudaktivitetane og prosjekt i faggruppa skal gjennomgå framover på årleg basis i forbindelse med oppretting av virksomhetsplan for avdelinga.

Tilråding 1. d

1. *Etablerer eit forsvarleg system etter § 13-10 i opplæringslova for styring, oppfølging og kontroll av skoleskyss i Hordaland fylkeskommune. Eit slikt system bør mellom anna innehalde:*
 - d. *System for registrering og handsaming av klager.*

Tilråding 1. d - tiltak og status

Tiltak: Etablere system for registrering, arkivering og oppfølging av innkomne klagar.

FERDIGSTILT

Både ein prosedyre og ein arbeidsprosess for klagegong er utarbeidd. System og rutinar er på plass for registrering og oppfølging av klagane.

Mellom anna er det etablert ein oversikt over mottatte klagar med informasjon om status, viktige moment og kommentarar.

Oppgåvene og ansvar knytt til klageprosess er avklart og skildra i stillingsbeskrivingane.

Tilråding 2.

- 2. Etablerer system og rutinar for samhandling med kommunane i samsvar med krav i regelverk og interne skildringar.*

Tilråding 2. - tiltak og status

Tiltak: Utarbeide skriftlege retningslinjer for samhandling mellom Skyss og kommunane

IVERKSETT

Skyss har sett i verk eit program for å forbetre kommunikasjon og samhandling med kommunane. Planen inneheld ein modell i 3-nivå for kommunikasjon: kommunekontakt for skoleskyss, skoleskyssamling for kommunekontaktar og kontaktutval.

Å utarbeide retningslinjer for samhandling mellom Skyss og kommunane blir ei av hovudoppgåvene i programmet i sine forskjellige nivå.

Arbeidet er sett i gang med å få stadfesting av kontaktar for skoleskyss i kvar kommune. Fristen for tilbakemelding er sett til 24.november for kommunane. Første samling for kommunekontaktar er planlagt til første trimester 2018.

Fram til konkrete retningslinjer er utarbeidd som resultat av programmet held Skyss seg til retningslinjer etter opplæringslova §13-4.

Tilråding 2. - tiltak og status

forts.

Tiltak: Etablere fast(e) møtepunkt med opplæringsavdelinga knytt til samhandling om skoleskyss i vidaregåande skole

FERDIGSTILT

Praksis for halvårlege møte med opplæringsavdelinga er etablert.

Siste samhandlingsmøte blei gjennomført 27.04.2017. Etter møtet har fleire arbeidsmøte blitt gjennomført for å arbeide med konkrete problemstillingar/ prosjekt.

Neste samhandlingsmøte er planlagt i veke 46.

Tilråding 2. - tiltak og status

forts.

Tiltak: Etablere fast(e) møtepunkt med kommunane (t.d. årleg informasjonsmøte) knytt til samhandling om skoleskyss i grunnskolen

IVERKSETT

Ref. side 18, nivå 2 i programmet for forbedring av kommunikasjon og samhandling med kommunane består av ein årleg samling av kommunekontaktar for skoleskyss. Første samling er planlagt i første trimester 2018, etter at kommunekontaktar er stadfesta.

Eit årleg møte med kommunar og skular er lagt inn i årshjulet. Ansvar for å planlegge faste møte med skular, kommunar (grunnskule) og opplæringsavdelinga (vidaregåande skule) er lagt til ei av rollene i faggruppa og er skildra i stillingsbeskrivinga.

I januar og februar 2017 gjennomførte Skyss informasjonsmøter for skulane med fokus på bruk av søknadssystemet Cert. Føremålet med informasjonsmøtene var å friske opp kunnskapen om regelverk og forbetre kvaliteten på innhaldet i søknadsprosessen som igjen påverkar kvaliteten på planlegginga av skysstilbodet. Om lag 180 deltakarar frå 150 skolar deltok på kurs. Arbeidd er i gang med planlegging av informasjonsmøter i januar/februar 2018.

Tilråding 2. - tiltak og status

forts.

Tiltak: Opprette kontaktutval for skoleskyss i fylket

IVERKSETT

Skyss har henta inn erfaring frå arbeidd med kontaktutval frå samferdselsavdelinga og Kolombus i Rogaland. Etter tilråding har Skyss vore i kontakt med KS (kommunesektorens organisasjon) for å starte arbeidet med å velje representantar til utvalet.

Også ref. side 18, nivå 3 i programmet for forbetring av kommunikasjon og samhandling med kommunane består av oppretting av kontaktutval.

Skyss arbeider no med å avklare formelle prosedyrar kring oppretting av utvalet.

Tilråding 3.

- 3. Gjennomføre jamlege økonomiske analysar som kan leggest til grunn for ei realistisk budsjettering av forvaltninga av skoleskyss.*

Tilråding 3. - tiltak og status

Tiltak: Utarbeide retningslinjer for gjennomføring av årlege økonomiske analysar (t.d. ved bruk av nøkkeltal frå Cert)

IVERKSETT

Analysar av økonomiske data og oppfølgingsbehov er sett i verk. Mellom anna vert faktiske kostnadar følgd opp og samanlikna månadleg mot budsjettet. I tillegg, saman med økonomiavdelinga, er det sett i gong arbeid med rutinar for utarbeiding av månadlege prognosar. Dette arbeidet har blitt teke omsyn til i samband med utarbeiding av forslag til budsjett for 2018.

Ansvar for gjennomføring av økonomiske analysar er lagt som oppgåve til faggruppeleiar og skildra i stillingsbeskrivinga.

Økonomisk analyse er eit arbeid som kan betrast kontinuerlig. Faggruppeleiar skoleskyss jobbar saman med controllar for å finne betre rapporter og dataopplegg som kan gi betre innsyn i økonomisk status og moglege forbetringar for skoleskyss.

Tilråding 4.

4. *Gjennomføre tiltak for å sikre eit tilstrekkeleg kostnadseffektivt skysstilbod, under dette:*
 - a. *Betre heilskapleg planlegging av skysstilbodet*
 - b. *Betre oppfølging av operatørar*

Tilråding 4. - tiltak og status

Tiltak: Avklare arbeidsoppgåver og ansvarsfordeling for ruteplanlegging av skysstilbødet

FERDIGSTILT

Skyss har etablert ny struktur med nye faggrupper. Ruteplanlegging av skysstilbødet er ei av oppgåvene til faggruppe tilbødsutvikling.

Ansvarsfordeling mellom faggruppe skoleskyss og faggruppe tilbødsutvikling for ruteplanlegging er kartlagt i ei prosessbeskriving.

Tilråding 4. - tiltak og status

forts.

Tiltak: Avklare arbeidsoppgåver og ansvarsfordeling når det gjeld oppfølging av operatører

FERDIGSTILT

Skyss har etablert ny struktur med nye faggrupper. Faggruppeleiar for skoleskyss og faggruppeleiar for operatøroppfølging var på plass frå 02.januar. Arbeidsoppgåver og ansvarsfordeling i forhold til oppfølging av operatører er avklart.

Skyss har egne kontraktar med drosjeoperatører og faggruppe skoleskyss har totalansvar for oppfølging av desse. Ansvarsfordeling og arbeidsoppgåver knytt til oppfølging av desse kontraktane er inkludert og avklart i stillingsbeskrivingane.

Tilråding 4. - tiltak og status

forts.

Tiltak: Utarbeide retningslinjer for oppfølging av operatør

FERDIGSTILT

Kontrakts- og driftsmøter med operatør er lagt inn i årshjulet for skoleskyss. I tillegg er eit eige årshjul for operatørar utarbeidd der ein viser møtepunkt og hendingar gjennom året i samband med oppfølging av operatørar.

Oppgåvene og ansvar knytt til oppfølging av operatør er avklart og skildra i stillingsbeskrivingane.

Tilråding 4. - tiltak og status

forts.

Tiltak: Stille tydelege kontraktskrav til operatørar ved bruk av underoperatør til utføringa av skoleskyss

FERDIGSTILT

Kontraktskrav til bussoperatørar ved bruk av underoperatør har blitt tydeleggjort i kontraktane som er lyst ut den siste tida og har blitt implementert ved oppstart av nye kontraktar (til dømes oppstart ny busskontrakt i Sunnhordland (2017) samt Nordhordland (2018)).

Som ein del av ferdigstilling av arbeidet knytt til nytt skuleår samlar Skyss inn signerte kontraktar for avtalar mellom bussoperatør og deira underleverandørar. For skuleåret 2016-17 leverte 2 av 5 operatørar slike kontraktar. Ein jobbar mot at for skuleåret 2017-18 samlast kontraktar frå alle operatørar inn innan slutten av november.

Oppgåva for å følgje opp innsamling av kontraktar frå underleverandørar er lagt inn i årshjulet for operatørar
